



I dag var det Ingunn Olsen som selde kyrkjeboka.

Den flotte boka som vart skriven til 100-årsjubilèet til Uskedal kyrkje, eignar seg svært godt som julegåve. Soknerådet har derfor organisert salg av boka på SPAR no i førjulstida ved at soknerådsmedlemmer og andre med ansvar for jubileet, har stått for salget.

Då eg var innom butikken i føremiddag, var det soknerådsmedlem Ingunn Olsen som sat i salgskroken. Ho kunne til og med tilby bøker som var fint innpakka, og såleis klar til å leggja under juletreet.

Ingunn kunne opplyse at dette var siste salsdag i dette opplegget.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland